



Sakspapir til Årsmøte Solund Idrettslag for år 2020

Sak 7: Godkjenning av årsmeldinga 2020

ÅRSMELDING FOR ÅR 2020 SOLUND IDRETTSLAG



STYRESAMANSETJING

Styret i Solund Idrettslag (SIL) har i 2020 hatt fylgjande samansetjing:

Leiar:	Irene Sanden
Nestleiar:	Kim Arnes
Sekretær:	Gro Pollen Frøyen
Styremedlemmar:	Kent Inge Strand Stein Hogne Strand Jørn Otto Olsen
Varamedlemar:	Kjell Mongstad Ann Helen Kvamen Nina Bauge

Heidi Sanden har hatt kasserarvervet i Solund idrettslag.

Styret konstituerte seg på andre styremøtet i 2020, etter årsmøtet, den 25. august 2020.



STYREMØTER

Styret har til saman hatt 4 styremøter i 2020, to på våren og to på hausten. På desse møta har ein totalt handsama 21 saker. Årsaka til at det har vore færre styremøter i år er sjølvsagt korona og lite aktivitet i laget pga dette. Styret har ei eiga messengergruppe som fungerer svært godt. Her kan ein diskutere akutte problemstillingar og bli einige om ting. Det er greitt for leiar å ha styret i ryggen når ting skal avgjera og svarast på. Problemstillinga med smittevern ifm. korona har vore svært utfordrande. Ein skal i tillegg til å setje seg inn i nasjonale reglar ta omsyn til lokale tilhøve. Det har vore eit ynskje om å få til mest mogleg aktivitet i laget, noko som kolliderer med nasjonale og lokale smittevernreglar.

DUGNAD

- Dugnad på diskgolfbana 23. mai

KURS

- Det årlege badevaktkursset vart halde laurdag 25. januar 2020 med instruktør Sonja Olsen. 15 badevaktar var med.

ARRANGEMENT

- Svøm langt kampanjen 2020: Svøm deg til Malaga januar-mars.
- Sulesymjaren 2020. Solund Idrettslag fekk kr. 10 000,- fra Sparebankstiftinga som vi hadde søkt om. Dette skulle brukast på bl. a Sulesymjaren og anna fokus på symjing. Vi håper vi kan fortsetje på denne kampanjen når pandemien er over.
- Bassengdag med instruktørar Sonja Olsen og Eli Hamn laurdag 1. februar. Småbarnsbading, symjeopplæring for dei som ikkje kan symje, dei som kan symje litt og dei som vil terpe teknikk. Dette var ein del av symjekampanjen vi hadde fått pengar fra Sparebankstiftinga.



- Årsmøte for 2019 var planlagt 18. mars der ein hadde invitert Cecilie Leganger og Oddvar Bjørnestad for å halde eit inspirasjonsforedrag. Dette måtte diverre utsetjast pga covid-19. Årsmøtet vart helde 17. august på Skafferiet, utan inspirasjonsforedrag. Planen var at ein skulle ta dette igjen ifm Verdsdagen for psykisk helse, men dette fekk vi heller ikkje til.
- Solund sendebrettlaug arrangerte Vestkysttouren 3. oktober og Pargolfkonkurranse 4. oktober, med deltakarar frå heile Vestlandet og med mange lokale spelarar i alle aldre.



- Fellestur til den nye fjelltrimposten Husefjellet i Nessa søndag 4. oktober.
- Stand på Marknadsdagen i september der vi markerte 50 årsdagen til Solund Idrettslag, med bursdagspynta stand og bursdagskake.
- Nissemarsj torsdag 10.desember

TURAR/TURNERINGAR UTANFOR KOMMUNEN

- Volleyballgjengen var med på Regionalt meisterskap i Svelgen 26. januar og Enivestcup i Florø 8. februar.





- Kongleriketurnering i Gaular for gutter 8-9 år den 19. september



AKTIVITETER

Året 2020 byrja bra med ein nokså vanleg aktivitetsplan, men den 12. mars stoppa alt opp for idrettslaget, slik det gjorde for resten av Noreg og verden.

I juni starta vi opp nokre av utandørsaktivitetane og fekk nokre veker med aktivitet fram til skulen slutta.

Sesongen vart prøvd starta opp igjen i august/september etter skulestart. Det var først og fremst uteaktivitetane som vart starta opp igjen. I sluttan av september fekk vi på plass reglar slik at vi fekk opna opp igjen trimrommet. Det var ikkje berre koronaen som stopp aktivitet i Idrettsbygget, men kommunen skifta røyrsystemet i Idrettsbygget, slik at bygget var utan vatn nokre månadar. For å kunne opne opp igjen trimrommet måtte vi ha vatn til reinhald.

I sluttan av november fekk vi opna opp igjen ein del av inneaktivitetane igjen. For kontaktidrett delte vi barna inn gruppene som kohortane på skulen. Desse trengte ikkje å halde 1 m avstand på trening. Vi hadde nokre aktivitetar der gruppene var større enn kohortane på skulen, desse gruppene måtte halde 1 m avstand. For trening for vaksne måtte vi halde 1-2 m. avstand. Aktivitetsleiarane måtte passe på ekstra reinhald, registrering av kven som var på trening og at dei som trena desinfiserte seg før dei byrja.

Sjølv om vi ein periode oppfordra folk til å ikkje skrive seg inn i bøkene i fjelltrimmen i år, har det aldri før vore registrert så mykje besøk i fjelltrimbøkene. Det er ikkje tvil om at fjelltrimmen har vore godt besøkt i koronatida når ein ikkje har hatt så mange andre organiserte treningsstilbod.



Fjelltrimposten Ramnenipa vart brukta 17. mai 2020

SAKER OG PROSJEKT

50- årsjubileum:

2020 var året SIL skulle feire sitt store 50 årsjubileum. Den 7. oktober 1970 vart Solund Idrettslag skipa og våren 2020 hadde vi forsiktig byrja å planlegge 50 årsdag hausten 2020. Men pandemien stoppa dette og noko storstått feiring vart ikkje mogleg dette året. På marknadsdagen i august, som erstatta Solunddagen, hadde vi pynta til bursdagsfest på standen vår. Der selde vi bursdagskake og viste fram planane for Idrettshuset. Dette var på ein måte startskotet på innspurten på innsamlinga til Idrettshuset.





Idrettshuset:

På slutten av 2019 hadde vi byrja å jobbe med korleis vi skulle klare å realisere Idrettshuset i Solund Idrettspark. Etter at ein gjorde ein jobb med tippemiddelsøknaden i kommunen såg vi at det var eit mindre beløp enn først antatt vi i Solund Idrettslag måtte vere med å samle inn frå private aktørar. SIL hadde allereie spart opp kr. 550 000,- og vi mangla ca 2 millionar kroner når vi starta på 2020. Vi var tenkt å sette inn støtet i 2020 på innsamling av pengar til Idrettshuset, men koronaen sette ein stoppar for dette også. Det første halvåret av 2020 var vanskeleg for mange verksemder og det var ikkje lett å be om pengar når verksemdene hadde nok med sine utfordringar. Vi fokuserte på havbruksnæringa og sendte søknad til dei som har aktivitet i Solund, men pga korona og andre utfordringar i næringa var det dårleg med respons.


I slutten av oktober sette vi inn støtet igjen. Då hadde Solund kommunestyre løyvd nye 1,5 mill. kr. til Idrettshuset. Dei såg nok vanskane vi hadde med å samle inn pengar frå næringslivet i denne tida. Idrettslaget sitt nye mål vart å samle inn 1,1 mill kr., der halvparten allereie var på plass. Vi starta ein SPLEIS-aksjon på nett og oppfordra verksemder til å bli med å bidra til Idrettshuset. Og responsen var formidabel! På berre nokre veker hadde vi samla inn det vi mangla, i tillegg var det så mange som ville bidra at vi kunne byrje å samle inn pengar til utstyr til trimrommet. Vi fekk i same tidsrommet svar på søknad frå Sparebankstiftinga og frå dei fekk vi heile 400 000 kr. Det var fantastisk å sjå gjevargleda frå det lokale næringslivet. Både store og små verksemder ynskte å vere med på innsamlinga og dette viser berre kor viktig resten av Solundsamfunnet ser på å få på plass eit Idrettshus. Målet på 1,1 mill vart nådd den 3. november. Når året var slutt hadde vi samla inn ca 1,48 mill kr. Det vil sei at vi hadde samla inn ca. 380 000 meir enn målet, som kan gå til treningsutstyr i det nye huset. Moderne apparatur til ei 100 kvm flate kostar mykje, og vi vonar ein siste innsputt på innsamlingsaksjonen fram mot opninga, skal sikre innbyggjarane eit ferdig innreia og etterlengta styrketreningsrom.

Tusen takk til alle glade gjevarar så langt. Dette blir eit aldeles kjempefritt Idrettshus !





Status innsamling til Nytt Idrettshus og utstyr styrketreningsrom



• Solund IL	Sparebankstiftinga	■ Sol Smolt AS	■ Mowi AS
■ Solund Kreativ AS	■ Solund Center AS	■ Solund Eiendom AS	■ Steinsund Marinesenter AS
■ Barstein AS	■ Solund Næringsamskipnad	■ Øybygg AS	■ Vidar Hop Skyssbåter AS
■ Norsk Kystkultarakademi AS	■ Solund Verft AS	■ Drengenes Tak og Blikk As	■ Solund Fisk
■ Førde Negler og Velvære	■ Bauge og Bahus AS	■ Havtal AS	■ HAFS Elektro AS
■ Steinsund Entreprenør	■ Spleis / Vipps - private		

Kiosk og vask av trimrom:

10. klasse stod for kiosk og vask av trimrommet fram til alt stoppa den 12. mars. Etter at trimrommet vart opna opp er det styret som har organisert vask av trimrommet sidan ein måtte ha strenge koronareglar på denne vasken.

MEDLEMSTAL

Medlemstall pr 31.12.2020 er 204. Dette er ein nedgong på ca 30 medlemmar frå 2019, men likevel eit høgare tal enn vi hadde trudd med tanke på kor lite aktivitetar vi hadde i 2020.

SÆRFORBUND

Solund idrettslag er medlem av følgjande særforbund:

- Norges Svømmeforbund
- Sogn og Fjordane Symjekrins
- Norges Volleyballforbund
- NAIF – Norsk Amerikansk Idretters Forbund



MÅL FOR 2020

Arbeidet med Idrettshuset er i gong og Solund Idrettslag gler seg til dette er ferdig om ca eit år. Det er så kjekt å sjå at det siste store prosjektet og målet til Solund idrettslag er i ferd med å realiserast! For ein plass Solund Idrettspark har blitt! Me gler oss til å skape meir aktivitet i dette området når ein har fått på plass garderobar, toalett og kiosk! Så blir det kjekt å trenre på eit flunka nytt treningsrom!

Det blir spanande å sjå korleis tida etter pandemien vert. Klarer vi å få opp igjen det høge aktivitetsnivået og medlemstalet ein hadde før pandemien? Det er viktig med eit allsidig og godt tilbod til medlemene i laget. Det er svært viktig å ta vare på dei gode ambassadørane i Solund Idrettslag som stiller som aktivitetsleiarar, badevakter, styrrepresentantar og andre som gjer eit fantastisk frivillig arbeid i laget, samt rekruttere nye. Denne jobben vert endå viktigare etter den tida vi står/har stått i. Vi håper at folk er svoltne på å få til ny aktivitet når vi kan starte opp igjen. Vi håper at når vi byrjar på sesongen hausten 2021 har ting byrja å normalisere seg.

Sidan året 2020 har vore så spesielt med lite aktivitet, har ikkje aktivitetsleiarane blitt bedd om å skrive eigne årsmeldingar.

Takk for godt samarbeid i det spesielle koronaåret 2020.

Hardbakke 5. april 2021

*Irene Sanden
(Leiar SIL)*



Illustrerande for treningsåret 2020...



Sak 8: Godkjenning av rekneskapen 2020

Resultatrapport

Solund II
994086154

Regnskapsår: 01.01.2020 - 31.12.2020

Gjelder periode: 01.01.2020 - 31.12.2020
Periode fg år: 01.01.2019 - 31.12.2019

	Periode	Akkumulert	Periodeslutt fg år
Driftsinntekter			
3130 Bading	13 175,00	13 175,00	17 759,40
3140 Medlemskontingent	54 425,00	54 425,00	50 275,00
3150 Inntekt kiosk	5 701,02	5 701,02	3 970,02
3185 SII, klar	5 810,00	5 810,00	4 008,00
3420 Grasrotandelen	43 020,18	43 020,18	36 604,20
3425 Spolemidler til utstyr	0,00	0,00	11 535,00
3430 Bama fruktdeling	695,78	695,78	0,00
3460 LAM (lokale aktivitetsmidler)	44 770,00	44 770,00	45 736,00
3480 Hornskompensasjon	11 739,00	11 739,00	85 676,00
3490 Tilkot transportmidler	0,00	0,00	8 000,00
3920 Eigenandel cup, kurs	12 610,00	12 610,00	16 446,70
3930 Eigenandel trimrom	10 000,00	10 000,00	9 344,21
3940 GÄVER	389 500,00	389 500,00	15 000,00
	591 445,98	591 445,98	304 354,53
Driftskostnader			
4795 Solund Idrettspark	-51 016,00	-51 016,00	-1 044,00
4820 Utgifter barneidrettskule	-605,00	-605,00	-534,00
4830 Utgifter bading	-14 151,79	-14 151,79	-6 041,53
4840 Utgifter kioski	-3 104,90	-3 104,90	-2 634,19
4870 Utgifter trimrom	-6 729,00	-6 729,00	-41 441,75
4875 Utgifter fjelltrimprosjekt	-8 016,90	-8 016,90	-3 349,60
4880 Utgifter cup / stemme	-23 085,56	-23 085,56	-59 574,45
4895 SII, klar	-8 496,40	-8 496,40	-8 154,50
6360 Renhold	-592,30	-592,30	0,00
6460 Bankboksløje	0,00	0,00	-280,00
6470 Leige postboks	-1 860,00	-1 860,00	-1 777,50
6480 Regnskapsprogram abonnement	-2 685,00	-2 685,00	-2 685,00
6610 Treningsutstyr	-12 825,00	-12 825,00	-10 479,15
6800 Kontorekvizita (Res)	-323,77	-323,77	-148,70
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker etc	-500,00	-500,00	-899,00
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	-2 635,00	-2 635,00	-5 151,13
6870 Helmeside utgifter	-1 150,67	-1 150,67	-951,93
6940 Porto	0,00	0,00	-112,00
7040 Forsikring og avgifter	-3 985,00	-3 985,00	-3 960,00
7410 Kontingenter, ikke fradrag	-9 400,00	-9 400,00	-4 059,00
7430 Gaver, ikke fradrag	-2 000,00	-2 000,00	0,00
7440 Gave til frivillige/aktiv leiarar	-5 754,70	-5 754,70	-5 130,40
7460 Premier	-11 262,50	-11 262,50	-9 577,30
7770 Bank og kortgebyrer	-653,00	-653,00	-932,00
7780 Gebyr	-837,83	-837,83	-648,00
7790 Godtgjørelse uodokumenterte utgifter	-500,00	-500,00	-3 000,00
	-172 170,32	-172 170,32	-172 565,13
Driftsresultat	419 275,66	419 275,66	131 789,40
Finansielle poster			
8040 Rentainntekter, skattefrie	4 130,00	4 130,00	6 517,00
Ordinaert resultat før skatt	423 405,66	423 405,66	138 306,40
Ordinaert resultat	423 405,66	423 405,66	138 306,40
	Periode	Akkumulert	Periodeslutt fg år
Årsresultat	423 405,66	423 405,66	138 306,40



Balanserapport

Solund II
994086154

Regnskapsår 01.01.2020 - 31.12.2020

Gjelder periode: 01.01.2020 - 31.12.2020
Periode fg år: 01.01.2019 - 31.12.2019

	Ved periodens begynnelse	Endring	Ved periodens slutt	Periodslutt fg år
EIENDELER				
Omløpsmidler				
1920 Bankinnskudd	42 724,95	14 876,88	57 601,83	42 724,95
1925 Sparekonto 3705 03 72031	496 197,55	409 120,00	905 317,55	496 197,55
1930 Sparekonto 3847 61 02879	6,00	0,00	6,00	6,00
	538 928,50	423 996,88	962 925,38	538 928,50
SUM EIENDELER	538 928,50	423 996,88	962 925,38	538 928,50
EGENKAPITAL OG GJELD				
Egenkapital				
Egenkapital (innskutt og opptjent)				
2050 Annen egenkapital	-528 928,50	0,00	-528 928,50	-528 928,50
Udisponert resultat				
Udisponert resultat	0,00	-423 405,66	-423 405,66	0,00
Sum egenkapital (inkl. udisp. resultat)	-528 928,50	-423 405,66	-952 334,16	-528 928,50
Gjeld				
Kortsiktig gjeld				
2710 Inngående mva, høy sats	0,00	8,78	8,78	0,00
2900 Depositum nøkkel trimrom	-10 000,00	-600,00	-10 600,00	-10 000,00
	-10 000,00	-591,22	-10 591,22	-10 000,00
Sum gjeld	-10 000,00	-591,22	-10 591,22	-10 000,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-538 928,50	-423 996,88	-962 925,38	-538 928,50
Saldo	0,00	0,00	0,00	0,00

Sak 9: Medlemskontigent 2021

Forslag om å halde kontigenten slik den var i 2020.

Familiemedlemskap: kr. 750,-

Enkeltmedlemskap voksen (over 18 år): kr. 400,-

Enkeltmedlemskap barn (under 18 år): kr. 250,-

Studentmedlemskap: kr. 250,-

Støttemedlemskap (ikkje aktiv): kr. 200,-

Trimrom (i tillegg til medlemskap): kr. 400,-

Depositum nøkkel trimrom kr. 100,-



Sak 10: Vedta budsjettet 2021

BUDSJETT SOLUND IDRETTSLAG 2021

INNTEKTER	INNTEKT
KIOSK	5000
BADING	15000
FRUKTORDNING BAMA	700
EIGENANDEL CUP, KURS	10000
EIGENANDEL TRIMROM	10000
MOMSKOMPENSASJON	10000
GRASROTANDELEN	45000
LAM, LOKALE AKTIVITETSMIDLER	45000
MEDLEMSKONTINGENT	55000
SPONSOR GÅVE	515000
SIL KLEDE	6000
KOSTNADER	KOSTNAD
STEVNEUTGIFTER	24000
TRENINGSSUTSTYR	375000
REKNESKAPSPROGRAM ABBONEMENT	2800
REKVISA/INVENTAR	4450
VASK AV TRIMROM	5000
UTGIFTER BADING - KURS / SERVERING	5000
UTGIFTER KIOSK	1000
UTGIFTER BARNEIDRETTSKULE (NISSEMARSJ)	600
UTVIKLE FJELLTRIMMEN	6000
IDRETTSHUS	1100000
UDOKUMENTERTE UTGIFTER STYRE	3000
SERVERING MØTE	1000
KONTORREKVISA	1000
TIDSSKRIFT	500
KOPIERING	300
HEIMESIDE	2000
LEIGE POSTBOKS	1900
PORTO	100
BANK GEBYR	700
GEBYR	900
PREMIER	11000
MEDLEMSKONTINGENT	9500
GAVER/PREMIER	13000
KLEDE / GÅVE TIL AKTIVITETSLEIARAR	5000
SPONSING VOSSAHELG	2000
FORSIKRING	4100
SUM INNTEKT	716700
SUM KOSTNAD	1579850
RESULTAT	-863150

Sak 11: Val

Solund Idrettslag vedtok på styremøte 08.12.2020 ny lovnorm for idrettslag som vart vedteke av Idrettsstyret 23 oktober 2019.

Dette inneber nokre forandringar, revisorane vert erstatta av eit kontrollutval som skal ha 2 medlemmer og 1 varamedlem.

Framlegg frå valnemda til Solund IL sitt årsmøte 2021.

Val av leiar.

Framlegg frå valnemda:

Irene Sanden-1 år



Val av styremedlemar.

Framlegg frå valnemda:

Jørn Otto Olsen - 2 år

Kent Inge Strand - 2 år

Gro Pollen Frøyen - 2 år

Hilde Moen Lamo - 2 år (ny)

Kim Arnes -1 år (ikkje på val)

Stein Hogne Strand - 1 år (ikkje på val)

Varamedlemmer:

Kjell Mongstad - 1 år (ikkje på val)

Nina Bauge - 1 år(ikkje på val)

Val av kontrollutval

Framlegg frå valnemda:

Borgny Leirvåg - 2 år

Vigdis Ravnøy - 1 år (ikkje på val)

Mari Eide - 2 år (varamedlem)

Val av kasserer

Framlegg frå valnemda:

Heidi Sanden

Hardbakke 14.04.2021

Anita Lien Einen,Bjørn Trovåg

Framlegg frå styret

Val av valnemnd:

Bjørn Trovåg – 2 år

Anita Einen – 1 år (ikkje på val)

Ann Helen Kvamen (varamedlem)



Sak 12: Innmelde saker

Ingen saker er melde inn.